

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
038/21	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	19.05.2021

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	21/1073

## Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### Plan- og kommunalteknisk utval - 038/21

#### **PL - behandling:**

Alf T. Mortensen, FRP, tok opp klagesak Mjeldstad om handsaming i utvalet. Han tok og opp handsaming av viltforvaltningsplanen.

Leiar teknisk forvaltning viste til at Fellingsrapport 2020 med vedlegg er lagt ut i Møteportalen. Det vert innhenta evalueringsrapport frå NINA, Norsk institutt for naturforskning som grunnlag for neste rullering av Viltforvaltningsplanen.

Øyvind Litland, AP, bad om status for reguleringsplan Haus.

Kommunalsjefen informerte om innspel frå og dialog med Statens vegvesen og fylkeskommunen om vegløyningar før utsending av planforslag. Viktig med god dialog slik at rekkjefølgjekrav og løysingar blir akseptable og realiserbare. Kommunen kan nytta trafikksikringsmidlar til noko av dette.

Kjellaug Hartveit, SP, viste til spørsmål i førre møte om nybygg på Hauge.

Leiar teknisk forvaltning viste til svaret som er lagt ut i Møteportalen.

Alf T. Mortensen, FRP, tok opp spørsmål om nytt V/A-anlegg Hosanger - Hamre og kva tid abonnentar kan knyta seg til dette.

-----  
Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

#### **PL - vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

#### **Saksopplysningar:**

Innkalling med sakliste er send ut.